

Vedlegg 4b

2013: Spesielt om rapportering om transportstøtte (gjelder berre i utvalte fylke)

Fylkeskommunane skal innan 10. mai 2013 rapportere om midla til transportstøtte som grunnlag for departementet si rapportering vidare til ESA. I følge brev av 30. april 2007 til utvalde fylke, skal departementet ha rapport på alle middel som vert brukt under ordninga med regional transportstøtte. Dette gjelder midla over kap. 551, postane 60 og 61 og egne fylkeskommunale middel. Dette gjelder ikkje transportstøtteordningar som ikkje er omfatta av EØS-avtalen, til dømes innan landbruk og fiskeri.

Sjå vedlegg 4d for statistikkrapportering om transportstøtte.

Fylkeskommunane må i eigen skriftleg rapport synleggjere at ordninga er praktisert innanfor dei nasjonale retningslinene. Fylkeskommunane må særleg synleggjere at transportstøtta til einskildverksemdar ikkje er større enn maksimalt stønadsnivå i desse retningslinjene. Dei skriftlege rapportane skal omfatte all transportstønad, også den som Innovasjon Noreg eller andre operatørar forvaltar.